

Rekruttering, Finnmark, politikk

Sveinung Eikeland, viserektor UiT Norges arktiske universitet (UiT)

Innlegg under dialogmøte med statsråd Jan Tore Sanner om regionmeldinga og den varsla meldinga om distriktspolitikk, Vadsø 11 november 2016

Kommunal – og moderniseringsdepartementet (KMD) skreiv i invitasjonen til møtet at «flere steder i landet, deriblant i Nord-Norge, har næringsliv og offentlig forvaltning en utfordring med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Hvordan kan vi sikre kompetanse og rekruttering til næringsliv og offentlig forvaltning?».

Nordområdepolitikken må skapa utvikling gjennom å knyta saman stadig større og sterkare sentralt lokaliserte fagmiljø med moderne næringer basert på geografisk avsidesliggjande naturressursar. *Kommunereformen* skal utvikla desentraliserte fagmiljø i dei samfunna som skal ha aktivitet rundt utnyttinga av dei verdfulle ressursane. Størrelse skal gjera desse lokalsamfunna attraktive for folk med høgre utdanning. Dette skal igjen gje betre tenester i slike samfunn enn det mange kommunar klarar i dag. Under møtet kom det opp at kommunar i Finnmark t.d. ligg langt etter når det gjeld oppgradering av planverk, og at utvikling basert på dispensasjonar er lite forutsigbare både for næringsliv og innbyggjarar. I *regionreformen* er regionale kompetanseplanar som forpliktar både det nye regionale folkevalde nivået og universiteta sentrale for planlegging av rekruttering av kandidatar til regionalt arbeidsliv.

Mitt utgangspunkt for å drøfta rekruttering i lys av dei politiske rammene over var både at slikt er basert på mobiliteten til høgt utdanna, og på utdanning av folk som ikkje er geografisk mobile. Innlegget baserte seg på analysar av fleire offentlege datakjelder som inkluderer kommunar, kommunar slått saman til store og små nordnorske bu- og arbeidsmarknadsregionar, søking – og opptaksstatistikk i norsk høgre utdanning samt i tal om UITs kandidatproduksjon. I høve til rekruttering er minst tre tema sentrale.

For det *første* om det er slik at store arbeidsmarknader har større innslag av høgt utdanna enn mindre arbeidsmarknader, og om store arbeidsmarknader i større grad enn dei mindre evnar å halda på høgt utdanna. Generelt er svaret ja på begge spørsmål, og truleg betyr storleiken på arbeidsmarknaden meir for at folk blir enn for at folk kjem. Imidlertid er unntak ofte meir interessante, mange av dei er i Finnmark. Felles for alle er at mindre arbeidsmarknader rekrutterer også bra, og at grunnen er politisk. Dvs. knytt til at offentlege institusjonar evnar å trekkja til seg fagfolk. I Finnmark er sentrale døme samiske politiske institusjonar (Karasjok), store offentleg administrative sektorar (Vadsø), store helseinstitusjonar (Hammerfest, Sør-Varanger) og universitet og høgskolar (Alta, Kautokeino, Hammerfest).

Vidare medverkar stort truleg meir til at folk blir, enn til at dei kjem. Sett frå Finnmark er det også viktig at verkemidla i tiltakssonen får mobile folk med høgre utdanning til å bli. I evalueringa til Norut i 2012 heiter til dømes at «vår *hovedkonklusjon* er at de personrettede tiltak har klare stabiliserende virkninger og dette gjelder særlig i forhold til de mest mobile gruppene personer som ikke har bostedsbakgrunn i Tiltakssonen og spesielt i forhold til

personer med høy utdanning som ikke har bostedsbakgrunn i Tiltakssonen». Igjen er såleis politikken sentral.

For det *andre* om det er slik at folk frå store arbeidsmarknader meir enn dei frå små søker til høgre utdanning. UiT «leverer» 1900 kandidatar til arbeidslivet i nord kvart år. Det er interessant kor desse kjem frå. Her er det samanhengar, men ikkje like enkle som over. På den eine sida kjem 65 prosent av dei nordnorske studentane som startar studiar i Noreg frå dei 13 (av 87) største kommunane i Nord-Noreg. Det gjer også grunnlaget for rekrutteringa frå nord til høgre utdanning framover meir robust enn det demografiske pessimistar spår. På den andre sida er den delen av ungdomen som søker høgre utdanning relativ lik i små og store arbeidsmarknader. Det kjem av at å ta høgre utdanning i mindre samfunn ofte er kopla til utflytting. P.g.a. høg utflytting blir kullstørrelsane små og prosentdelane som blir rekruttert til høgre utdanning blir store. Dette betyr også at høgre utdanning stadfestar og forsterkar generelle sentraliseringstrendar.

For det *tredje* kan utvikling av desentraliserte fagmiljø i t.d. kommunane sikrast gjennom at ikkje mobile tar høgre utdanning utanfor dei store universitetscampusane, dvs. utan å måtte flytta. Det kan godt henda det er på dette feltet det skjer mest nytt for tida. Her er det også eit stort demografisk potensiale for å utvikla fagmiljø i kommunane. UiT utviklar tilbod med eit større og større mangfald i bruk av teknologi, variasjon i plassering av samlingar og tilpassingar til studentanes muligheter for tidsbruk. I Finnmark ser vi slike innovative døme i mellom anna sjukepleie-, lærar – og økonomifaga. Men igjen kjem politikken inn. Det peika også fleire av partia på under komité behandlinga av regionmeldinga, dvs. dei viste til manglande spesifikk finansiering av høgre utdanning utanfor dei store universitetscampusane. Dette er endå viktigare etter dei mange samanslåingane av høgskolar og universitet. I diskusjonen om regionar er det også verdt å nemna at UiT i slike saker oftast samarbeider med regionråda. Fylka blir for store, kommunane for små.